



## Notat

Dato: 20.04.2016  
Arkivsak: 2015/3679-10  
Saksbehandlar: oddmell

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Per Morten Ekerhovd

---

### Kvartalsrapport 1. kvartal 2016 - Kultur- og idrettsavdelinga

Viser til skriv frå fylkesrådmannen dagsett 05.04.2016 om innføring av kvartalsvis rapportering frå avdelingane til fylkesrådmannen frå 1. kvartal 2016 for å sikre betre økonomisk styring.

Driftsrapportering pr 1. kvartal 2016

	Siste kvartal		Hittil i år		Årsprognose pr. 31.12.2016			
	Faktisk	Budsjett	Faktisk	Budsjett	Prognose	Budsjett	Best	Verst
Lønnskostnader	-14 834	-14 330	-14 834	-14 330	-52 724	-52 724	-51 724	-53 737
Andre kostnader	-73 134	-71 939	-73 134	-71 939	-287 756	-287 756	-286 756	-287 756
Inntekter	8 853	36 998	8 853	36 998	147 993	147 993	147 993	147 993
Netto driftsutgifter	79 115	-49 271	-79 115	-49 271	-192 487	-192 487	-190 487	-193 500

#### Siste periode

*Lønnskostnadene* er om lag 0,5 mill. kr høgare enn budsjettet. Dette er løn til kunstnarar i DKS-turneane og som ikkje er budsjettet med på lønsbudsjettet, men er lagt inn som kostnad på DKS-budsjettet (overføring til andre). Lønsmidlane vert utgiftsført over løn, men dekka av inntektene frå statlege DKS-midlar. Mogleg løysing på dette er å legge inn i lønsbudsjettet for 2017 rekneskapstala frå føregåande år/2016.

*Andre kostnader* har eit avvik på om lag 1,2 mill. kr. Dette skudlast i hovudsak at utbetalingane til tilskot er ujamne gjennom året i høve til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjett rapport. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

*Inntekter* har eit negativt avvik på om lag 28 mill. kr. Dette grunnar i at større utbetalingar av inntekter/overføringar frå staten, ikkje er i tråd med til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjett rapport. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

#### Hittil i år

Som for siste periode.

#### Årsprognose inkludert «best» og verst case»

Årsprognosen er berekna ut frå inntekter og utgifter i 2015 i tillegg til endringar gjort i budsjettvedtak i Fylkestinget for budsjett 2016. Lønnskostnadene kan bli noko høgare enn budsjettet, då inntekter som

finansierer ein del av lønnsbudsjettet er inntektsført andre stadar i budsjettet (DKS). Samla vil ikkje dette då gje utslag på driftsresultatet.

Verst case:

Eit fall i inntektene, særst på arkeologisk registrering, vil kunne føre til ei underdekking i lønskostnadene og påverke driftsresultatet, kanskje om lag 1 mill. kr.

Best case:

Andre kostnader kan variere ein del frå år til år. Eit mindreforbruk kan i beste fall utgjere om lag 1 mill. kr. Det same gjeld for lønskostnadene, der vakansar kan føre til reduserte kostnader med inntil 1 mill. kr. Vi ser det som lite realistisk med ei auke i inntektene, då Statstilskota dei siste åra har vore relativt stabile.

Kopi til:

Nils Egil Vetlesand

Pål Andre Kleive